



Bakgrunn for vedtak

Søknad om uttak av vatn og
etablere reguleringsmagasin Dam
Skipavika til landbasert oppdrett

Gulen kommune i Vestland fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshavar Skipavika Næringspark AS
Referanse
Dato 03.06.2022
Ansvarleg Gry Berg
Sakshandsamar Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

1	SAMANDRAG	1
2	SØKNAD.....	2
3	HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING.....	5
4	NVE SI VURDERING	8
5	NVE SIN KONKLUSJON	12
6	FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK.....	12
7	MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA	13
8	VEDLEGG.....	16

1 Samandrag

Skipavika Næringspark AS søker om konsesjon etter vassressurslova § 8 for uttak av vatn og regulering av Dam Skipavika til Viking Aqua sitt landbaserte oppdrettsanlegg i Skipavika Næringspark i Gulen kommune i Vestland.

I samband med Viking Aqua sine planar om eit landbasert resirkuleringsanlegg (RAS-anlegg) for produksjon av smolt og matfisk vil det vere behov for stabil tilførsel av ferskvatn til produksjonsanlegget. Tiltakshavar ynskjer derfor å bygge eit lokalt vassforsyningsbasseng som kan levere delar av råvatnet til det planlagde landbaserte oppdrettsanlegget. For å kunne realisere dette må det byggast ein dam og eit overlaup som demmar opp ein bekk som renn igjennom eit søkk i terrenget med eit lite tjern. Planlagt dam ligg like i nærleiken av det planlagde smolt- og matfiskanlegget.

Anlegget skal ha ein årleg produksjon på 33.000 tonn. Det er berre i første fase det skal nyttast ferskvatn i produksjonen. Frå fisken har oppnådd ein storleik på ca. 100 gram vil den bli produsert på sjøvatn. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg uttak gjennom året på 17,3 l/s (1,04 m³/min), og maks uttak inntil 100 l/s, frå nytt magasin til settefiskproduksjon i nytt RAS-anlegg. Regulering av nytt magasin med 9,5 meter mellom HRV kote 25,0 og LRV kote 15,5. Resterande behov for ferskvatn vil bli dekkja ved avsalting av sjøvatn.

Gulen kommune viser til at søknaden er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området og at planområdet i sin heilskap inngår i det regulerte området til Skipavika Næringspark. **Vestland fylkeskommune** har ingen merknad til det omsøkte tiltaket, og viser til at området ligg innanfor det regulerte området til Skipavika Næringspark. **Statsforvaltaren i Vestland** viser til at vasslokaliteten ikkje er kartlagt og at konsekvensvurderinga i søknaden, og fagrapportane det er vist til, alle er baserte på eksisterande informasjon frå Naturbasen og Artskart. Statsforvaltaren meiner det vil vere ønskeleg å få kartlagt lokaliteten for å få dokumentert eventuelle verdiar, og som grunnlag for å kunne vurdere om skaden på vassfaunaen kan reduserast gjennom avbøtande tiltak

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at etablering av Dam Skipavika med tilhøyrande oppdrettsanlegg vil gi eit bidrag til produksjon av settefisk og matfisk, og auke verdiskaping lokalt og i regionen. Det påverka området er sett av til industriføremål og området er betydeleg påverka av inngrep.

Området vert ikkje nytta i friluftssamanheng og tiltaket er ikkje synleg frå fjorden. Ut i frå tilgjengeleg kunnskap vurderer NVE det som lite sannsynleg at tiltaket vil føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald. NVE kjenner ikkje til viktige allmenne interesser som vil bli negativt påverka av tiltaket.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Skipavika Næringspark AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Dam Skipavika. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

2 Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Skipavika Næringspark AS, datert 16.12.2020:

«Skipavika Næringspark AS ønsker å demme opp en bekk nær Rørvika på Sandøyne i Gulen kommune i Vestland fylke, og søker herved om følgende tillatelser :

Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- å ta ut inntil 100 l/s fra bekk/tjern på Sandøyne (vassdragsnummer 068.2) og et maksimalt gjennomsnittlig uttak over året på 1,04 m³/min til Viking Aqua sitt landbaserte oppdrettsanlegg*
- å bygge dam og regulere mellom LRV på kote 15,5 og HRV på kote 25*

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning.»

2.1 Hovuddata for dam Skipavika

TILSIG

Nedbørfelt	km ²	0,84
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	1,36
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	51,2
Middelvassføring normalår	l/s	41,7
Middelvassføring tørrår	l/s	24,5
Alminneleg lågvassføring	l/s	-
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	1
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	1

VASSDRAGSANLEGGET

Inntak	moh.	17	
Avlaup	moh.	0	
Lengde på påverka elvestrekning	m	150	
Lengde på vassleidning	m	100	
Tal på vassleidningar	stk	2	
Vassleidning, diameter	mm	200	
Maksimal kapasitet på røyr	l/s	100	
Maksimalt gjennomsnittleg uttak	m ³ /år	547 500	(1,04 m ³ /min - 17,3 l/s)
Maksimalt vassuttak	l/s	100	
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	0	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	0	

MAGASIN

Magasinvolum	mill. m ³	0,1
HRV	moh.	25,0
LRV	moh.	15,5
Lågaste utnyttbare driftsvasstand	moh.	ca. 17,0

2.2 Om søkjar

Skipavika Næringspark AS er eigd av Brandangersund Invest AS og Sil Eiendom AS som kvar har 50 % av aksjane.

Skipavika utfører serviceoppdrag for offshoreindustrien og tilbyr opplagsplass for skip og riggar medan firmaet Kvantum AS driv med uttak og bulksal av tilslagsmaterialar for anleggsindustrien frå det regulerte området. Viking Aqua planlegg bygging av eit landbasert anlegg for oppdrett av laks på Skipavika Næringspark sitt område.

Viking Aqua, under firmanamnet Sande Aqua, sendte søknad om vederlagsfri landbasert konsesjon for det planlagde anlegget til Sogn og Fjordane fylkeskommune 24. juni, 2019. Konsesjon for settefisk og matfisk vart innvilga 26 juni, 2020 og omfattar til saman produksjon av 33 000 tonn fisk.

2.3 Skildring av området

Dammen og ferskvassmagasinet vil bli lokalisert ved Rørvika, søraust på Sandøya (Sandøyna) i Gulen kommune. Rørvika utgjer den nordlege delen av Skipavika Næringspark. Myrsøkket med det vetle tjernet kor dammen vil bli bygd, ligg mellom den nyleg anlagde tilkomstvegen til Skipavika og det utbygde kaiområdet ved Rørvika.

Landskapstypen på og omkring Skipavika og Brandangersundet er prega av ein open og lang fjord. Her er det spreidd busetnad og infrastruktur. Vegetasjonen er marginal og prega av å ligge langs ei vêrhard kystline. På åsryggane er det for det meste berre fjellknauser. I dalsøkka er det noko meir vegetasjon samt myrer og mindre tjern. Lyng, einer og busker dominerer vegetasjonen. Det skal byggast ein dam og eit overlaup som demmar opp ein bekk som renn igjennom eit søkk i terrenget med eit lite tjern. Bekken drenerer frå eit nedbørfelt med eit par mindre vatn. Bekken renn ut i sjø over eit berg som skapar ein mindre foss i periodar med mykje vatn.

Dammen og magasinet ligg innanfor det området som etter godkjenning av reguleringsplanen for utviding av Skipavika Næringspark er regulert som industriområde. Den nye tilkomstvegen for Skipavika Næringspark går like inntil magasinområdet på vestsida. Dam- og magasinområdet vert avgrensa av det opparbeidde kaiområdet på austsida.

2.4 Teknisk plan**2.4.1 Regulering**

Det skal etablerast eit reguleringsmagasin på eiga tomt. Lågaste terrengnivå er i dag ca. kote 15,5 (LRV), og området vert demma opp til kote 25 (HRV). Av praktiske omsyn vil det ikkje vere mogleg å regulere særleg lågare enn kote 17 (lågaste driftsvasstand) og hydrologiske føresetnader er berekna med utgangspunkt i dette. LRV vert likevel sett til kote 15,5 for å unngå revisjon av konsesjonsvilkår dersom det viser seg mogleg å hente ut vatn under kote 17 i ein normal situasjon. Overflateareal ved HRV blir 0,017 km² og oppdemt volum er 108 000 m³.

Damanlegget omfattar ein 160 m lang og 11 m høg steinfyllingsdam med sentral tetningsvegg i betong. Overlaupet er ein inntil 4 m høg og 20 m lang gravitasjonsdam i betong. Begge vert fundamentert på fjell.


2.4.2 Inntak og vassveg

Det vil bli installert 2 stk. Ø200 mm vassleidningar gjennom damkroppen. Vassleidningane vert ført til ventilkum i nedstrøms damtå og vidare ned til settefiskanlegget. Heile vassleidningen vil bli liggande innanfor område regulert for industri.

I dagens situasjon drenerer vatnet/myra ved planlagt inntak mot aust. Etter planlagt utbygging vil fyllingsdammen sperre for dette utlaupet. Overlaup frå vatnet (flaumtap) vil bli ført i ein avløpskanal mot nord. Det vil dermed ikkje gå noko vatn i det naturlege elvelaupet, bortsett frå avrenning frå restfeltet som er svært lite.

2.4.3 Arealbruk

Planlagt etablering av nytt oppdrettsanlegg vil skje innanfor arealet avsett til formålet i reguleringsplan for Skipavika Næringspark.



Figur 1: Oversikt over anlegget

2.5 Forholdet til offentlege planar

2.5.1 Kommuneplan

Arealdelen av kommuneplanen for Gulen vart vedteken i 2014. Skipavika Næringspark inngår i kommunedelplan for Steine, Sløvåg og Skipavik. Tiltaksområdet for foreslått dam låg utanfor planområdet for den første reguleringsplanen (planID 2012005) for Skipavika som vart vedteken 25.1.2014.

Arbeid med omregulering og utviding av reguleringsplanområdet vart sett i gong i 2016 og eit nytt planforslag vart lagt ut til høyring i desember 2017. Den nye og utvida reguleringsplanen for Skipavika Næringspark (planID 1411_2012005) vart vedteken av kommunestyret i Gulen 18. oktober 2018. Dette førte til at eit område på 211,5 dekar tidlegare klassifisert som LNF (landbruks-, natur- og friluftsområde) vart omregulert til industri/næring og lager (BKB).

I samband med planane for den nye tilkomstvegen for Skipavika Næringspark frå Brandangersundbrua vart det gjennomført ei konsekvensutgreiing i 2012 som ein del av kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavika. Ein detaljreguleringsplan (planID 1411_201400) for vegen vart utarbeidd i 2015 og vedteken. Vegen er bygd.

2.5.2 Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

2.5.3 Nasjonale laksevassdrag

Tiltaket og tiltaksområdet påverkar ikkje nasjonale laksevassdrag.

2.5.4 Andre verneområde

I samband med arbeidet med reguleringsplan for utviding av Skipavika Næringspark gjennomførte Sogn og Fjordane fylkeskommune arkeologiske registreringar i planområdet i 2017 som resulterte i funn av to områder med busettings- og aktivitetsspor frå steinalderen. Den eine lokaliteten ligg innanfor planområdet. Etter kulturminnelova sin paragraf 4 er denne lokaliteten automatisk freda.

2.5.5 EU sitt vassdirektiv

Tiltaksområdet høyrer inn under Ytre Sogn Vassområde som omfattar kommunane Gulen, Hyllestad, Høyanger, Solund og Vik. Det foreligg ein tiltaksanalyse frå 2014 og ein tiltaksplan frå 2019 for vassområdet. Eit av dei viktigaste aktivitetsmåla i tiltaksplanen er å avklare økologisk tilstand i utvalde vassførekomstar og å følgje utviklinga i miljøtilstand i vassførekomstar med tiltak. Planen tek ikkje for seg konkrete tiltak i influensområdet for det føreslegne tiltaket.

3 Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. NVE har ikkje vore på synfaring i området. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Gulen kommune har ingen større merknad til Skipavika Næringspark AS sin konsesjonssøknad og skriv følgjande:

«I søknaden frå Skipavika Næringspark AS står det at planområdet i sin heilheit inngår i det regulerte området til Skipavika Næringspark. Dette kan kommunen stadfeste. Reguleringsplan 2015005 Skipavika Næringspark er gjeldande for området som søknaden viser til, og har arealføremål kombinert bygg og anleggsføremål med underføremål industri/lager. Gulen kommune vurderer det omsøkte tiltaket til å vere ein del av næringa sitt vassforsyningsanlegg og gjelde nødvendig infrastruktur for næringsdrift. Søknaden er difor vurdert til å vere i samsvar med plan.»

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for området vart det utført konsekvenskartleggingar og ROS-vurderingar av planen sin påverknad på landskap, friluftsliv, m.m. Gulen kommune er ikkje kjend med at dette tiltaket skal få negative konsekvensar utover det som vart avdekka i vurderingane som vart gjort i samband med reguleringsplanen, eller dei vurderingane som er gjort av Mulitconsult i samband med denne søknaden.

Gulen kommune er heller ikkje kjend med andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa.»

Vestland fylkeskommune har ingen merknad til det omsøkte tiltaket. Dei viser til at området ligg innanfor det regulerte området til Skipavika Næringspark.

Statsforvaltaren i Vestland kjem med følgjande merknadar:

«Våre merknader

I høyringsfråsegna vår 6.2.2018 til reguleringsplanen understrekte vi at konsekvensane for fisk og artar i ferskvatn måtte greiast ut i detalj i konsesjonssaka for vassuttaket. Vi konstaterer at denne vasslokaliteten ikkje er kartlagt. Konsekvensvurderinga i søknaden, og fagrapportane det er vist til, alle er baserte på eksisterande informasjon frå Naturbasen og Artskart.

Tjernet som skal regulerast er ein av fleire små ferskvasslokalitetar i området. Fallet på elvestrekninga mot sjøen gjer det umogleg for sjøaure å vandre opp i vassdraget. Ifølgje konsekvensrapporten er det ikkje oppgang av ål, men det er ikkje vist til undersøkingar eller lokal erfaringsbasert kunnskap. Det er ikkje kommentert om tjernet har verdi for amfibium og insekt. Ut frå lokaliseringa, og kjent arts mangfald frå andre små ferskvasslokalitetar på Sandøyyna, kan tjernet ha ein funksjon som artsrikt refugium for amfibium, insekt og andre artar med livsstadium i ferskvatn.

Vår vurdering er at reguleringa og vassuttaket dermed truleg kan få noko konsekvensar for vasstilknytt naturmiljø. Det vil vere ønskeleg å få kartlagt lokaliteten for å få dokumentert eventuelle verdier, og som grunnlag for å kunne vurdere om skaden på vassfaunaen kan reduserast gjennom avbøtande tiltak.»

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har kommentert høyringsuttalane i e-post til Statsforvaltaren 04.03.2021, med kopi til NVE:

«I forbindelse med Deres uttalelse til NVE i denne saken ønsker vi å komme med noen oppklaringer.

Det omsøkte tiltaket vil i sin helhet ligge innenfor en godkjent reguleringsplan for industriformål i Skipavika. Gulen kommune stadfester dette i sin uttalelse til søknaden:

«I søknaden frå Skipavika Næringspark AS står det at planområdet i sin heilheit inngår i det regulerte området til Skipavika Næringspark. Dette kan kommunen stadfeste. Reguleringsplan 2015005 Skipavika Næringspark er gjeldande for området som søknaden viser til, og har arealføremål kombinert bygg og anleggssøremål med underføremål industri/lager. Gulen kommune vurderer det omsøkte tiltaket til å vere ein del av næringa sitt vassforsyningsanlegg og gjelde nødvendig infrastruktur for næringsdrift. Søknaden er difor vurdert til å vere i samsvar med plan.

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for området vart det utført konsekvenskartleggingar og ROS-vurderingar av planen sin påverknad på landskap, friluftsliv, m.m. Gulen kommune er ikkje kjend med at dette tiltaket skal få negative konsekvensar utover det som vart avdekka i vurderingane som vart gjort i samband med reguleringsplanen, eller dei vurderingane som er gjort av Mulitconsult i samband med denne søknaden.»

I Deres uttalelse til reguleringsplanen som det henvises til, påpekes det at plan for vannuttak ikke er beskrevet og dermed ikke kan vurderes. I reguleringsplanen er hele området tenkt planert og nyttet til oppdrettsanlegg, og det er beskrevet et visst vannbehov med litt uklare føringer for hvor dette vannet skal tas fra. Slik vi tolker Deres tidligere uttalelse omhandler dette uttak fra andre vann i området, f.eks. ved boring opp til høyereliggende vannkilder. Vårt argument har vært at gjeldende område for etablering av reguleringsmagasin og vannuttak tidligere er vurdert og det den gangen ikke ble sett på som nødvendig med undersøkelser for å akseptere en planering av det aktuelle området.

Dammen med vannuttak som beskrevet i konsesjonssøknaden ligger omtrent i området markert med blå penn på figuren under».

Figur 29 1-alternativ, fugleperspektiv. Området med grått kryss er tatt ut etter offentlig ettersyn for å imøtekomme motsegn frå DIR MIN



Statsforvaltaren i Vestland svarar følgjande i e-post datert 10.03.2021:

«I høyringa av reguleringsplanen for Skipavika næringspark var det enno ikkje avklart korleis vassuttaket skulle skje, så våre innspel den gongen gjaldt alle ferskvasslokalitetar som kunne bli påverka, inkludert lokaliteten som no skal regulerast. Vi er kjend med at dette tjernet ligg inne i det regulerte industriområdet; det står jo også i bakgrunnsdelen i høyringsfråsegna vår i konsesjonssaka etter vassressurslova. Så har vi peika på at tjernet kan ha verdi for biologisk mangfald. Sidan dette ikkje har vore undersøkt, er vår tilråding til NVE i konsesjonssaka, at sjølve vasslokaliteten bør kartleggjast. Det er opp til NVE som konsesjonsmynde å avgjere om og ev. korleis dette skal følgjast opp. Her vil prinsippa i naturmangfaldlova § 8 -12 leggjast til grunn.»

4 NVE si vurdering

Viking Aqua planlegg å etablere eit landbasert oppdrettsanlegg (RAS) med både bruk av ferskvatn og saltvatn innanfor Skipavika Næringspark. Arealet som skal vurderast i denne søknaden er allereie vurdert og regulert i samband med gjeldande reguleringsplan. Tiltaket i sin heilskap ligg no innanfor areal som er regulert til industri, næring og lager. Uttak av vatn med regulering av innsjø/dam kan ikkje heimlast i plan- og bygningslova og desse forholda er difor ikkje samordna i samband med handsaming av gjeldande reguleringsplan for området.

4.1 Hydrologiske verknader av tiltaket

Anlegget nyttar eit nedbørfelt på 0,84 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 42 l/s. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande haustflaum, men flaumepisodar kan førekome heile året. Lågaste vassføring opptre gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 1 l/s. Det vert søkt om å ta ut inntil 100 l/s frå bekk/tjern på Sandøyna og maksimalt gjennomsnittleg uttak av vatn er planlagt til 17,3 l/s (1,04 m³/min). Det er ikkje foreslått å sleppe minstevassføring. I følgje søknaden vil dette føre til at 40 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta til produksjon av settefisk.

For å sikre ein magasinreserve er det planar om å etablere eit reguleringsmagasin Dam Skipavika. Det vert søkt om å regulere Dam Skipavika 9,5 meter mellom HRV kote 25,0 og LRV kote 15,5. Dette skal sikre ein magasinreserve på om lag 0,1 mill. m³.

Berekna magasininkurve for Dam Skipavika i måleperioden 1965-2019, med midlare omsøkt månadsuttak på 17,3 l/s, ingen slepp av minstevassføring og berekna tilrenning, viser at magasinet vert nytta i store delar av året. Berekingane viser at magasinet i eit middels år (1970) ikkje vert tappa ned meir enn ca. 5 m, men at vatnet i eit tørt år (1977) kan bli tappa ned om lag 7,5 m i lengre periodar.

Det vert søkt om eit jamt uttak gjennom heile året. Med eit gjennomsnittleg vassuttak per månad på 17,3 l/s (1,04 m³/min) vil anlegget i følgje søknaden ta ut ca. 41 % av gjennomsnittleg årleg tilsig. Dette vil gje ei samla restvassføring på ca. 25 l/s ved utlaup av dammen som eit gjennomsnitt over året. Vassuttaket slik det vert søkt om vil føre til at det ikkje vert overlaup til ei kvar tid. Det omsøkte vassuttaket vil i det tørraste året (1977) i berekningsperioden ha behov for tapping av magasinet i 302 dagar (83 % av tida). I eit middels år (1970) vil magasinet bli tatt i bruk i om lag 171 dagar (47 % av tida), og i eit vått år (1998) om lag 128 dagar (35 % av tida).

Oppdrettsanlegget vil nytte RAS-teknologi, både i ferskvassfasen og i sjøvassfasen. I RAS-anlegget vert 98 % av vatnet nytta på nytt. I produksjon av smolt kan ein sette fisken over på sjøvatn ved oppnådd vekt ca. 80-90 gram. I produksjonsoppsettet i søknaden er det antatt ferskvassforbruk også i neste fase 90 – 250 gram.

I søknaden vert det opplyst at reguleringsanlegget berre vil dekke delar av ferskvassbehovet til oppdrettsanlegget ved full produksjon. Det resterande behovet for vatn til anlegget skal løysast ved avsalting av sjøvatn. Val av driftsopplegg vil avgjere kva strategi anlegget vel å køyre på ferskvassforbruk. Det tas likevel sikte på å levere så mykje vatn frå magasinet som mogleg for å avgrense behovet for avsalting av sjøvatn.

NVE vurderer at naturleg tilrenning og magasinreserve er knapp. NVE vurderer likevel at planlagt driftsstrategi, med bruk av avsalting av sjøvatn som reserveforsyning, vil sikre anlegget tilstrekkeleg tilgang til ferskvatn ved planlagt produksjon.

4.2 Naturmangfald

Multiconsult AS har gjort ei samanstilling av eksisterande kunnskap innan artsførekomst, viktige naturtypar, samt status i forhold til raudlista artar. Skildringar og vurderingar av naturmiljø er basert på eksisterande kunnskap om området (Naturbase.no og Artsdatabanken.no), og rapportar utarbeida av Rådgivende Biologer AS i samband med regulering av eksisterande plan for Skipavika Næringspark, og rapport utarbeida som del av utgreiing for ny veg mellom Skipavika og Brandangersundbrua.

4.2.1 Terrestrisk miljø

Planområdet er dominert av fattig berggrunn med tilhøyrande lite kravfull vegetasjon, og utgjør ein del av ein større lokalitet med naturtypen kystlynghei registrert som «Midtbøfjell» [Naturbase faktaark](#). Naturtypen er ein utvald naturtype og er raudlista i kategorien sterkt truga (EN). «Midtbøfjell» er gitt A-verdi (svært viktig) i Naturbase, men området som er omfatta av planen er vurdert som B-verdi av Rådgivende Biologer. Delar av planområdet langs innlaupsbekken og tjernet som er planlagt oppdemt er ikkje tatt med i avgrensinga til naturtypen.

Registreringa av naturtypen kystlynghei «Midtbøfjell» har gitt stor verdi i tidlegare konsekvensutgreiingar for tema naturtypar på land. Viking Aqua sine planar påverkar isolert sett ein liten del av naturtypen «Midtbøfjell» og inneheld ein mindre del kystlynghei, men verdien til området vert framleis vurdert som stor uavhengig av dette.

Planområdet vert demt ned og det skal byggast ein dam og eit overlaup. Dette er store inngrep som vil føre til permanent endring av naturen i området. Multiconsult vurderer at påverknaden på naturtypen «Midtbøfjell» ikkje er spesielt stor med tanke på at arealet som vert påverka utgjør en liten del av den registrerte naturtypen. I samband med utviding av Skipavik næringspark vart påverknaden på denne delen av naturtypen vurdert å vere middels (-liten) negativ. Då den delen som vert påverka for dette tiltaket er betrakteleg mindre og påverkar ein mindre viktig del av lokaliteten, er påverknad vurdert til noko forringa. NVE er samd i denne vurderinga.

Fleire raudlista fuglar er registrert i nærleiken av planområdet i tilknytning til Storevatnet og Kudalsvatnet som ligg lenger sør på Sandøyna. Det er også registrert Hubro (EN) vest på Sandøyna i god avstand til planområdet. Det omsøkte tiltaket vil ikkje påverke desse artane som ligg i tilgrensande område på land. Det er elles ikkje registrert terrestriske raudlista artar i planområdet.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre vurderer NVE at terrestrisk miljø i liten grad vert påverka.

4.2.2 Akvatisk miljø

Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar eller raudlista artar knytt til tjernet eller bekken. I Artskart.no er det registrert ål (VU-sårbar) og flatøsters (NT-nær truet) i Sandvågen (sjø/saltvatn) som ligg rett nord for det planlagde tiltaket. I tillegg er sandskjell (VU) registrert av Rådgivende Biologer i Sandvågen. NVE vurderer at tiltaket ikkje vil påverke dei registrerte raudlista artane.

Det omsøkte tiltaket ligg i eit areal som tidlegare er behandla gjennom reguleringsplan, og areala er i dag regulert til industri/næring og lager. I søknaden vert det vist til at det ikkje vart fremja motførestillingar i behandlinga av reguleringsplanen til at dette arealet skulle sprengjast ut og fyllast igjen. Søkar legg difor til grunn at dei akvatiske naturverdiane i reguleringsplan vart vurdert som små, då det ikkje vart fremja krav om nye utgreiingar knytt til å fylle igjen tjernet og bekken som det no er planar om å demme opp.

Statsforvaltaren viser til at dei understrekte i deira høyringsfråsegn datert 6.2.2018 til reguleringsplanen, at konsekvensane for fisk og artar i ferskvatn måtte greiast ut i detalj i konsesjonssaka for vassuttaket. Statsforvaltaren skriv at dei konstaterer at denne vasslokaliteten ikkje er kartlagt og at konsekvensvurderinga i søknaden, og fagrapportane det er vist til, alle er baserte på

eksisterande informasjon frå Naturbasen og Artskart. Statsforvaltaren viser til at det ikkje er kommentert om tjernet har verdi for amfibium og insekt. Ut frå lokaliseringa, og kjent artsmangfald frå andre små ferskvasslokalitetar på Sandøyna, meiner Statsforvaltaren at tjernet kan ha ein funksjon som artsrikt refugium for amfibium, insekt og andre artar med livsstadium i ferskvatn. Statsforvaltaren meiner difor at det vil vere ønskeleg å få kartlagt lokaliteten for å få dokumentert eventuelle verdier og eventuelle avbøtande tiltak.

NVE vurderer at eit nedbørfelt på 0,84 km² i dette området, med dei gitte klima- og hydrologiske parametrane, tilseier at nedbørfeltet ikkje har årsikker vassføring. Tillaup- og avlaupsbekk frå tjernet vil difor truleg gå tørr i periodar med låg tilrenning. Tjernet er lite i areal og er ikkje registrert i NVE sin innsjødatabase. Overflatearealet utgjer ca. 1,6 daa, der det er ein djupare del med eit areal på ca. 0,6 daa, vurdert ut frå flyfoto.

Fallet på elvestrekninga mot sjøen gjer det umogleg for sjøaure å vandre opp i vassdraget. Ifølgje konsekvensrapporten er det ikkje oppgang av ål. NVE vurderer ut frå storleik på tjernet, og at det ikkje er årsikker vassføring, at tjernet har låg verdi for ål.

Det vert opplyst at planområdet består av fattig berggrunn med tilhøyrande lite kravfull vegetasjon. Bortsett frå ein brakkvasspoll ved Mjåsundet (Kråketjørna, verdi lokalt viktig) er det ikkje registrert viktige naturtypar knytt til vassdrag på Sandøya. NVE vurderer at potensialet for å finne raudlista amfibium, insekt eller andre artar knytt til bekken eller tjernet i tiltaksområdet til å vere låg.

Ut i frå tilgjengeleg kunnskap vurderer NVE det som lite sannsynleg at tiltaket vil føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald.

4.2.3 *Forholdet til naturmangfaldlova*

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om uttak av vatn og etablering av Dam Skipavika legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 11.04.2022. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, jf. at kunnskapsgrunnlaget skal stå i forhold til tiltaket sitt omfang og fare for skade på naturverdier. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til planlagt Dam Skipavika er det registrert naturtypen kystlynghei verdisett til A/B. Naturtypen er ein utvald naturtype og er raudlista i kategorien sterkt truga (EN). Det er ikkje registrert raudlista artar innanfor influensområdet, men ål (VU) kan truleg ta seg opp i vassdraget. NVE vurderer at naturtypen kystlynghei og ål i liten grad vert påverka av tiltaket. Ei eventuell utbygging av Dam Skipavika vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

4.3 Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Det påverka området er satt av til industriføremål og området og landskapsverknaden er betydeleg påverka av inngrep. Området vert ikkje nytta i friluftsamaheng, tiltaket er ikkje synleg frå fjorden. NVE vurderer at landskap-, friluftsliv- og brukarinteresser ikkje vil bli vesentleg påverka av tiltaket.

4.4 Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne i tiltaksområdet. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar.

4.5 Flaum, ras og skred

Det er ikkje vurdert å vere fare for førekomst av flaumskred/lausmasseskred. Dammen ligg på fast berggrunn, i eit småkupert landskap.

Vassdraget som blir påverka er lite og tiltaket påverkar ikkje faren for flaum negativt. På lågt magasin vil dette ha god demping, men frå HRV er det ingen demping i magasinet. Avlaupet frå magasinet vil bli ført i steinsett kanal til utløp i sjø.

På grunn av årleg nominell sannsyn på $< 1/5000$ for alle naturlege skredtypar vert det vurdert å ikkje vere behov for førebyggjande tiltak med omsyn på skred. Sprengte skjeringar vil måtte vurderast separat og vil bli følgd opp av prosjekterande geolog i anleggsfasen.

4.6 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Det er ikkje anna verksemd som nyttar eller tek ut drikkevatn, eller anna bruksvatn i den påverka delen av elva.

4.7 Samfunnsmessige fordelar

Viking Aqua sitt landbaserte oppdrettsanlegg for smolt og matfisk vil gi sysselsetting til eit betydeleg tal arbeidstakarar, anslått til 70-80 ved full drift av anlegget. Tiltaket vil bidra til sysselsetting og skatteinntekter for Gulen kommune.

4.8 Oppsummering

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til fiskeanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at etablering av Dam Skipavika med tilhøyrande oppdrettsanlegg vil gi eit bidrag til produksjon av settefisk og matfisk, og auke verdiskaping lokalt og i regionen. Det påverka området er sett av til industriføremål og området er betydeleg påverka av inngrep.

Området vert ikkje nytta i friluftsamaheng og tiltaket er ikkje synleg frå fjorden. Ut i frå tilgjengeleg kunnskap vurderer NVE det som lite sannsynleg at tiltaket vil føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald. NVE kjenner ikkje til viktige allmenne interesser som vil bli negativt påverka av tiltaket.

5 NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Skipavika Næringspark AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Dam Skipavika. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

6 Forholdet til anna lovverk

6.1 Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

6.2 Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndighet til å gje vilkår etter forureiningslova.

6.3 Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Statsforvaltaren høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av produksjon av settefisk med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

7 Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

7.1.1 Post 1: Reguleringsgrenser, uttak av vatn og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	42
Alminneleg lågvassføring	l/s	-
5-persentil sommar	l/s	1
5-persentil vinter	l/s	1
Største vassuttak	l/s	100
Maksimalt gjennomsnittleg uttak over året	l/s	17,3 (1,04 m ³ /min)

Reguleringsgrenser

Følgjande reguleringsgrenser ligg til grunn for konsesjon gitt av NVE (høgdesystem NN1954):

	HRV (kote)	LRV (kote)	Reguleringshøgde (m)
Dam Skipavika	25,00	15,50	9,5

For å sikre ein magasinreserve er det planar om å etablere eit reguleringsmagasin Dam Skipavika. Det vert søkt om å regulere Dam Skipavika 9,5 meter mellom HRV kote 25,0 og LRV kote 15,5. Dette skal sikre ein magasinreserve på om lag 0,1 mill. m³.

Ingen av høyringsuttalane har merknader til regulering av Dam Skipavika. Det påverka området er sett av til industriføremål og området og landskapet er betydeleg påverka av inngrep. Området vert ikkje nytta i friluftssamanheng, tiltaket er ikkje synleg frå fjorden. NVE vurderer at reguleringa i liten grad vil påverke allmenne interesser.

NVE fastset at Dam Skipavika kan regulerast 9,5 meter mellom LRV kote 15,50 og HRV kote 25,00.

Det skal settast opp merke ved Dam Skipavika som viser høgste og lågaste regulerte vasstand, og eit informasjonsskilt som informerer om vilkåra for reguleringa. Dette skal plasserast godt synleg for ålmenta. Utforminga av skilt og merking inngår som ein del av NVE si oppfølging etter post 4 i vilkåra.

Uttak av vatn

Skipavika Næringspark ynskjer å ta ut inntil 100 l/s og eit maksimalt gjennomsnittleg uttak over året på 17,3 l/s (1,04 m³/min). Det vert opplyst at reguleringsanlegget berre vil dekke delar av ferskvassbehovet til oppdrettsanlegget ved full produksjon. Det resterande behovet for vatn til anlegget skal løysast ved avsalting av sjøvatn. Det tas likevel sikte på å levere så mykje vatn frå magasinet som mogleg for å avgrense behovet for avsalting av sjøvatn.

NVE vurderer at naturleg tilrenning og magasinreserve er knapp. NVE vurderer likevel at planlagt driftsstrategi, med bruk av avsalting av sjøvatn som reserveforsyning, vil sikre anlegget tilstrekkeleg tilgang til ferskvatn ved planlagt produksjon.

NVE fastset at vassuttaket til settefiskanlegget skal avgrensast til eit maksimalt gjennomsnittleg uttak over året på 17,3 l/s (1,04 m³/min). Det kan tas ut inntil 100 l/s i kortare periodar.

Tiltakshavar har ansvar for å tilpasse vassuttak og produksjon slik at vassressursen vert forvalta på ein berekraftig måte.

Det skal monterast vassmålar i settefiskanlegget og vassuttaket skal loggførast kontinuerleg. Data må kunne leggjast fram for NVE på førespurnad.

Slepp av vatn

Tiltakshavar har ikkje foreslått slepp av minstevassføring. Det er ikkje komme inn merknader til planane om å ikkje sleppe minstevassføring ut frå dammen.

NVE vurderer at nedbørfeltet ikkje har årsikker vassføring. Tillaups- og avlaupsbekk frå tjernet vil difor i naturtilstand truleg gå tørr i periodar med låg tilrenning. NVE set difor ikkje krav til slepp av minstevassføring frå Dam Skipavika.

7.1.2 Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar vassuttak, regulering, dam og vassveg fram til anlegget.

Detaljerte planer skal leggjast fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt til NVE og vedtak må vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for kva krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Dam Skipavika	Dammen skal byggast som skildra i søknad.
Inntak	Det vil bli installert 2 stk. Ø200 mm vassleidningar gjennom damkroppen. Vassleidningane vert ført til ventilkum i nedstrøms damtå.
Vassveg	Overlaup frå vatnet (flaumtap) vil bli ført i ein avløpskanal mot nord.
Største vassuttak	Søknaden oppgir 100 l/s.
Maksimalt gjennomsnittleg uttak over året	Søknaden oppgir eit jamnt uttak på 17,3 l/s (1,04 m ³ /min) til drift av anlegget.
Avbøtande tiltak	I søknaden vert det anbefalt at dei avbøtande tiltaka som er foreslått for utviding av næringsparken vert vidareført for dette tiltaket då det påverkar delar av same areal:

	<i>«Avbøtande tiltak vil vere å etablere eit grøntområde nord i planområdet slik at det er sikra noko skjerming og avstand til steinalderlokaliteten nord for planområdet. Begge alternativa beheld den høgaste toppen av Store Klubben som skjermar for ein god del av den visuelle påverknaden på kulturmiljøet på Storeneset.»</i>
--	---

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

7.1.3 Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

7.1.4 Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

7.1.5 Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

8 Vedlegg

Kart over utbyggingsområdet (1:5000).

